



Stad skal være
ei kommune med

**Moglegheiter
for alle**



**Vi i Stad Høgre
vil byggje ein levedyktig og
attraktiv kommune med gode
tenester til innbyggjarene,
men med rom for mangfald,
privat initiativ og eit sterkt
privat næringsliv.**



Gode grunnar til å stemme Høgre i Stad

Styrke kommunens evne til å utøve sine kjerneoppgåver

- ☑ Styrke helse- og omsorgssektoren med nok personalressursar til operative oppgåve, dvs. innan heimesjukepleie, sjukepleie og vernepleie. Dette gjeld både i institusjonar og til heimeverande som treng hjelp.
- ☑ Det bør utarbeidast ein opptrappingsplan innan helse- og omsorgssektoren som skal realiserast i løpet av valperioden.
- ☑ Sikre rekruttering til, og stabilitet i den kommunale lege- og tannlegeteneste ved å innføre ei ordning med eingongs kontantstøtte ved inngåing av fast stilling samt etableringsstipend/ hjelp til å skaffe varig bustad.
- ☑ Legge til rette for etablering av private helsetilbod, td. gynekolog gjennom etableringsstipend og støtte til arbeidslokale.
- ☑ Arbeide for at Nordfjord sjukehus får styrka sitt driftsgrunnlag, og få utgreia korleis ein kan styrke samhandlinga mellom sjukehuset og dei kommunale helsetenestene.
- ☑ Etablere ein skulestruktur som er fagleg sterk og økonomisk berekraftig når det gjeld driftsutgifter og investeringar samtidig som elevane vert sikra kort skuleveg.
- ☑ Stad Høgre ynskjer at skulen skal vere eit kraftsenter i lokalsamfunna. Partiet er og ope for eit tett samarbeid med lokale alternative skular, som Montesorri, for å finne gode løysingar på skuletilbodet i kommunen.
- ☑ Arbeide for å sikre nok studie-plassar med yrkesfagleg utdanning i Nordfjord.
- ☑ Styrke tilbodet til psykiske hjelp for alle, særleg unge.
- ☑ Få utarbeidd ei «Ung i Stad»-utgreiing og -plan. Denne skal ha oversikt over kva tilbod som eksisterer for ungdom i Stad innan utdanning, fritidsaktivitetar helse og arbeidsplassar m.m. I tillegg skal den kartlegge kva ungdomen sjølv etterlyser/treng, og korleis kommunen kan ta ansvar for å styrke tilbodet for alle ungdomar - og samtidig forebygge at sårbare ungdomar ikkje ett utanfor samfunnet.

Betre kommunikasjonstilhøva internt i, og inn/ut av kommunen

- ✓ Ny tunnel gjennom Strynefjellet snarast råd.
- ✓ Realisere Stad skipstunnel i samsvar med vedtekne planer.
- ✓ Oppgradere av FV 618 Kjøde – Eide – Almenningsfjellet med vegtunnel gjennom Mannseidet i samband med bygging av Stad Skipstunnel.
- ✓ Rassikre Fv.5749 i Navelsakerstranda snarast råd.
- ✓ Oppruste og sikre FV 5746 Nordfjordeid – Torheim.
- ✓ Etablere hurtigbåtkai for Seljeområdet i Lesto-vika.
- ✓ Oppgradere FV 620 Sandvik – Kjøde

Styrke næringsgrunlaget i kommunen

- ✓ Nok tilgjengeleg byggeklart næringsareal i alle delar av kommunen til ei kvar tid.
- ✓ Tilstrekkeleg dedikert personell med kvalifisert kompetanse innan næringsutvikling i den kommunale administrasjonen til ei kvar tid
- ✓ Satse på grønne næringar og andre næringar med særlege naturgjevne føresetnader.
- ✓ Støtte og utnytte landbruksproduksjonen i kommunen betre, særleg ved å utgreie og bidra til etablering av landbruksbasert foredlingsindustri.
- ✓ Styrke samarbeidet mellom kommunen og næringslivet. Vere tettare på næringslivet sine behov innan areal, planlegging og rammevilkår.
- ✓ Styrka satsinga på fagutdanninga i vidaregåande skular i Nordfjord.
- ✓ Etablere næringsfond med risiko-kapital og låneordningar til næringsutvikling i kommunal regi.
- ✓ Aktivt bruk av næringsfond og Stad Eigedomsutvikling til å drive/styrke etablering av ny næringsaktivitet.
- ✓ Legge til rette for, og stimulere til etablering av landbasert oppdrett.

Få styring på økonomien i Stad kommune

- ✔ Styrke kvaliteten på utgreiing, planlegging og gjennomføring av kommunale investeringar. Dette omfattar nytte av ekstern bistand der dette er tids- og kostnads-sparande eller aukar kvaliteten på resultatet.
- ✔ Styrke budsjettarbeidet og -disiplinen i kommunen. Stad Høgre vil og arbeide for restriktiv bruk av midlar frå kommunale fond og investeringsmidlar til finansiering av «ad-hoc» - behov.
- ✔ Sørge for at investeringar som står på det kommunale investeringsbudsjettet vert gjennomførde i prioritert rekkjefølgje, sjølv om dei må utsettast i tid pga. av endra konomiske tilhøve.
- ✔ Føre ei nøktern linje for investeringar og forbruk og vere tydeleg på konsekvensane av overbodspolitikk og økonomisk populisme.
- ✔ Arbeide for at kommunale investeringar i bygg og anlegg har god nok/naudsynt kvalitet og at behova vert dekkja utan overinvesteringar.
- ✔ Frigjere nok midlar frå andre sektorar til å utføre kommunen sine kjerneoppgåver, dvs. drift av helse, omsorg og utdanning, på ein tilfredsstillande måte.
- ✔ Innføre effektiviseringsprogram for kommuneadministrasjonen, med forventa innsparing på fem prosent i administrative kostnader per år i valperioden.

✔ Stad Høgre er mot eigeidomsskatt.

✔ Arbeide for å realisere symje- og fleirbrukshall i Selje sentrum i tråd med tidlegare investeringsbudsjett.

✔ Arbeide for etablering av nytt bustadfelt i Selje sentrum.



Dag Henning Reksnes

Ordførarkandidat

Født: 1963. Frå Kjølisdalen.

Eg har jobba mykje med politisk spørsmål på nasjonalt plan i fleire av mine jobbar, men ser no fram til å kunne jobbe med politikk for Stad kommune.

Stad Høgre vil styrke kommunens helsetilbod til innbyggjarane. Vi vil at kommunen skal kome med tilbodet den einskilde treng og har rett på, utan at den einskilde må kjempe for det ein treng. Då må det operative tilbodet, førstelinjetenesta mot brukarane, styrkast. Dei som arbeider i førstelinjetenesta i dag gjer ein svært god jobb, men det må setjast inn nok ressursar slik at innbyggjarane får gode tenester og dei som gjer arbeidet ikkje vert utsletne.

For å lukkast i å skape ein levedyktig og berekraftig kommune, må vi sørge for at næringslivet kan vekse og skape nye arbeidsplassar. Det trengs m.a. ein meir offensiv politikk for å legge til rette for nye satsingar og bedrifter, føreseielegheit i rammevilkåra for dei som alt er etablerte, meir næringsareal og rask sakshandsaming reguleringsaker. Slik sikrar vi at Stad kommune verdier og inntekter også i framtida.

Stad Høgre vil ha ein betre balanse mellom det offentleg og det private. Eit framtidretta lokalsamfunn kan ikkje basere seg kun på offentlege arbeidsplassar og tenester. Der det private tilbodet gjev like gode og rimelegare tenestar og tilbod vil det vere i alles interesser å velgje slike løysingar. Vi treng private bedrifter for å skape sunn økonomisk vekst og sikre verdiskaping for framtida.

I vår kommune har vi eit variert og aktivt næringsliv, det skal vi ta vare på og utvikle vidare. Ikkje mange kommunar har ein slik variasjon med næringsliv som byggjer på ressursar frå hav og fjord, jord og skog, teknologi og kompetanse, reiseliv og servicenæringar.

Vi kan styrkje dette næringslivet, og m.a. på korleis auka verdiskapinga i landbruket, kanskje gjennom auka foredling av mat og drikke.

Stad Høgre

Valliste for 2023 - 2027

1	Dag Henning Reksnes	1963
2	Kristina Leknesund Myrseth	1987
3	Daniel Hildenes	2005
4	Anne Marie Seljeseth	1947
5	Arild Dag Myklebust	1983
6	Jostein Roald Huneide	1946
7	Kjetil Vetrhus	1971
8	Asle Rasmus Seljeseth	1976
9	Torbjørn Jonny Lund	1978
10	Toril Irene Olesrud Fjørtoft	1954
11	Svein Rune Krakereid	1970
12	Torbjørn Lefdal	1950
13	Helge Solheim	1952
14	Tommy Silden	1981
15	Andreas Andreassen Haavik	2005
16	Ivan Senkin Studsrød	2005
17	Anders Lien	1950





”

Vi skal arbeide for å styrke kommunens helsetilbod til innbyggjarane.

Dag Henning Reksnes

Høgre sin ordførarkandidat i Stad



Bli med på laget!

Høgre treng fleire medlemar for å sikre at eit breiast mogleg snitt av befolkninga er representert og kan verte høyrde. Du kan vere med og bidra aktivt, eller kun støtte oss med ditt medlemskap. Velkommen!

Bli medlem her

Medlemskap for yrkesaktive koster 440 kr. Andre grupper betaler 220 kr.
Skann QR-koden og les mer



**Moglegheiter
for alle**

Stad Høgre

